



## Styremøte 2 – 2018

Naustdalshallen 22.03.2018

Frammøtte: Ole Jonny Klopstad, Håkon Svoen, Anne Marit S. Rygg, Fredrik Myrvang, Siss-May Edvardsen

Karianne Øygard og Vidar Slettehaug var ikkje tilstades.

	Sak	Orientering	Vedtak
13/18	Gjennomgang av styret sin arbeidsplan 2018	Sjå årsmelding 2017	<p>Heimesida til Tambarskjelvar: <a href="https://tambarskjelvar.no/">https://tambarskjelvar.no/</a>. Styret har ynskje om at gruppene nyttar heimesida meir aktivt. Styret ynskjer å arrangere ein work-shop rett over påske der vi ber gruppene møte.</p> <p>Skifte av kunstgras på Naustdal stadion. Styret ynskjer informasjon og framdriftsplan for utskifting av dekke frå Banestyret. Styret ynskjer òg informasjon/tankar om framtidig drift.</p> <p>Orientering omkring utvide/bygge reiskapshus på Naustdal stadion.</p> <p>EM Vektløfting 2016 er avvikla.</p> <p>Løypemannskap Triatlon. Gruppene er oppmoda om å stille med personar som kan ta kurset (e-læring med etterfølgande klasseromsundervisning 26.april i kommunestyresalen) og stille som vakt på Sunnfjord Triatlon 16.juni på dagtid. Styret arbeider med å få på plass ein avtale med Grendalaget i Eikefjord for gjensidig dugnadsarbeid i samband med Sunnfjord Triatlon/Eikefjorddagane. Dette for å redusere dugnadsinnsats frå gruppene på kveldstid under festen etter Sunnfjord Triatlon.</p>

14/18	Nye representantar til Hallstyret	Dag-Rune Mallasvik og Kari Stokkebekk tok ikkje attval under Årsmøtet.  Thomas Solheim er leiar av Hallstyret, og sit i vervet t.o.m skuleslutt 2018.	Siss-May Edvardsen erstattar Dag-Rune Mallasvik.  Kari Stokkebekk har hatt hovudansvar for å skaffe hallvakter og sørge for drift av vaktordninga.  Tambarskjelvar oppmodar gruppene til å kome med forslag til nye representantar for Kari og Thomas-
15/18	Ny representant til Banestyret	Torgeir Herstad tok ikkje attval under Årsmøtet.	Håkon Svoen og Ole Jonny Klopstad vert nye representantar frå styret.
16/18	Stillingsinstruks Driftsleiar	Orientering v/Siss-May	
17/18	Søknad frå ski- og orienteringsgruppa; tidtakarbrikker		Handsamast på neste møte.
18/18	Sponsorarbeid	Orientering om pågåande arbeid v/Ole Jonny	Tambarskjelvar ynskjer å selge sponsorpakkar på Naustdal stadion og i Naustdalshallen. Dette arbeidet må samordnast mellom Hall- og Banestyret. Her bør vi òg arbeide for å inkludere Instedalen skianlegg og Øyra-Løken Nærmiljøanlegg.
19/18	Sunnfjord Triatlon 2018	Drøfting om vidare arbeid og fordeling av arbeidsoppgåver	Oppsett av arbeidsoppgåver før, under og etter Sunnfjord Triatlon, sjå vedlegg. Styret ber gruppene melde interesse for dugnadsarbeid.
20/18	Møteplan	Vi setter opp møteplan for 2018	Handsamast på neste møte.